

RÅDSFORORDNING (EF, Euratom) nr. 1287/2003**2008/EØS/10/29****av 15. juli 2003****om harmonisering av bruttonasjonalinntekta etter marknadsprisar (BNI-forordninga)(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet,

med tilvising til rådsbeslutning 2000/597/EF, Euratom av 29. september 2000 om ordningen med Fellesskapets egne midler⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽²⁾,med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Den aukande delen av dei eigne midlane til Fellesskapet som er baserte på medlemsstatane si bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar (heretter kalla BNI_{imp}), gjer at dette aggregatet må gjerast endå lettare å jamføre og endå meir påliteleg og uttømmande.
- 2) Slike data er òg eit viktig analytisk verktøy for samordninga av nasjonal økonomisk politikk og for ulike typar fellesskapspolitikk.
- 3) Med sikte på bruk i samband med eigne midlar er det fastsett i rådsavgjerd 2000/597/EF, Euratom, at BNI_{imp} er lik bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar (heretter kalla BNI), som Kommisjonen har fastlagt på grunnlag av det europeiske nasjonal- og regionalrekneskapsystemet i Fellesskapet (heretter kalla ENS 95) i samsvar med rådsforordning (EF) nr. 2223/96 av 25. juni 1996 om det europeiske nasjonal- og regionalrekneskapsystemet i Fellesskapet⁽⁴⁾.
- 4) BNI-data må kunne jamførast. Dei kan berre jamførast dersom dei relevante definisjonane og rekneskapsreglane i ENS 95 vert stetta. For dette føremålet bør framgangsmåtane for utrekning og dei grunnleggjande data som faktisk vert nytta, gjere det mogleg å nytte definisjonane og rekneskapsreglane i ENS 95 på rett måte.

5) Kjeldene og framgangsmåtane som vert nytta til å rekne ut BNI, må vere pålitelege. Det vil seie at det i størst mogleg grad bør nyttast fornuftige framgangsmåtar på solide og føremålstenlege statistiske grunnlag.

6) BNI-data må vere uttømmande. Det vil seie at dei òg bør ta omsyn til verksemd som det ikkje vert gjeve opplysningar om i statistiske granskningar eller til skattestyresmaktene, trygdestyresmaktene og andre forvaltingsstyresmakter. Det er ein føresetnad for betre dekkingsområde i BNI at det vert utarbeidd høvelege statistiske grunnlag og framgangsmåtar for utrekning, og at det vert gjort føremålstenlege tilpassingar.

7) For å støtte oppgåva si med å levere BNI-data med omsyn til eigne inntekter må Kommisjonen gjere tiltak med sikte på at bruttonasjonalinntekta til medlemsstatane skal verte lettare å jamføre og meir påliteleg og uttømmande.

8) I rådsdirektiv 89/130/EØF, Euratom, av 13. februar 1989 om harmonisering av bruttonasjonalinntekt etter markedspriser⁽⁵⁾ er det fastsett ein framgangsmåte for å kontrollere og vurdere i kor stor grad BNI kan jamførast og kor påliteleg og uttømmande ho er, i BNI-utvalet der medlemsstatane og Kommisjonen samarbeider tett. Denne framgangsmåten bør tilpassast for å ta omsyn til bruken av BNI på grunnlag av ENS 95 når det gjeld utrekninga av eigne midlar.

9) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne forordninga, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmerer regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽⁶⁾.

10) Utvalet for statistikkprogrammet til Dei europeiske fellesskapa er vorte rådspurt i samsvar med artikkel 3 i rådsbeslutning 89/382/EØF, Euratom, av 19. juni 1989 om nedsettelse av en komité for De europeiske fellesskaps statistiske program⁽⁷⁾ —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 181 av 19.7.2003, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 19/2005 av 4. februar 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 32 av 23.6.2005, s. 25.

⁽¹⁾ TEF L 253 av 7.10.2000, s. 42.

⁽²⁾ TEF C 45 E av 25.2.2003, s. 61.

⁽³⁾ Fråsegn gjeven 12. mars 2003 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

⁽⁴⁾ TEF L 310 av 30.11.1996, s. 1. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 359/2002 (EFT L 58 av 28.2.2002, s. 1).

⁽⁵⁾ TEF L 49 av 21.2.1989, s. 26.

⁽⁶⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

⁽⁷⁾ TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

KAPITTEL I

Definisjon og utrekning av bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar

Artikkel 1

1. Bruttonasjonalinntekt etter marknadsprisar (BNI) og bruttonasjonalprodukt etter marknadsprisar (BNP) skal definerast i samsvar med det europeiske nasjonal- og regionalrekneskapssystemet (ENS 95).
2. BNP utgjør sluttresultatet av produksjonsverksemda til heimehøyrande produksjonseiningar. BNP kan definerast på tre måtar:
 - a) BNP er summen av bruttoproduktet til dei ulike institusjonelle sektorane eller næringane pluss produktskattar og minus produktsubsidiar (som ikkje er delte inn i sektorar og næringar). Det er òg saldoposten på produksjonskontoen til den samla økonomien.
 - b) BNP er summen av sluttbruken til heimehøyrande institusjonelle einingar av varer og tenester (sluttkonsum og bruttoinvesteringar) pluss eksport og minus import av varer og tenester.
 - c) BNP er summen av bruken på inntektsoppteningskontoen til den samla økonomien (lønskostnader, skattar på produksjon og import minus subsidiar, brutto driftsresultat og blanda inntekt for den samla økonomien).
3. BNI tilsvarar den samla primære inntekta som heimehøyrande institusjonelle einingar mottek: lønskostnader, skattar på produksjon og import minus subsidiar, formuesinntekt (motteke minus betalt), brutto driftsresultat og brutto blanda inntekt. BNI er lik BNP minus primære inntekter som skal betalast av heimehøyrande einingar til utanlandske einingar, pluss primære inntekter som heimehøyrande einingar mottek frå utlandet.

KAPITTEL II

Innsending av BNI-data og tilleggsopplysningar

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal fastsetje BNI i samsvar med artikkel 1 i samband med den jamlege oppstillinga av nasjonalrekneskapet.
2. Medlemsstatane skal, innan 22. september kvart år og innanfor ramma av nasjonalrekneskapet, sende over til Kommisjonen (Eurostat) tala for aggregert BNI med komponentar, i samsvar med dei definisjonane som er nemnde i artikkel 1. Samla tal for BNP og komponentar av BNP kan leggjast fram i samsvar med dei tre metodane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2. Tala skal dekkje det føregåande året og alle endringar av tal frå tidlegare år.
3. Når medlemsstatane sender over dei data som er nemnde i nr. 2, skal dei leggje fram for Kommisjonen (Eurostat) ein rapport om kvaliteten på BNI-data. Rapporten skal gje dei opplysningane som er naudsynte for å vise korleis aggregatet er rekna ut, og særleg gjere greie for alle viktige endringar

i dei framgangsmåtane og grunnleggjande statistikkane som vert nytta, og forklare dei endringane som er vortne gjorde i tidlegare BNI-utrekningar. Innhaldet og formatet til denne rapporten skal følgje dei retningslinjene som er fastsette av Kommisjonen i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 4 nr. 2.

Artikkel 3

Medlemsstatane skal leggje fram for Kommisjonen (Eurostat), i samsvar med dei retningslinjene som er fastsette av sistnemnde og i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 4 nr. 2, ei oversikt over dei framgangsmåtane og grunnleggjande statistikkane som er nytta for å rekne ut BNI og dei tilhøyrande komponentane i samsvar med ENS 95. Medlemsstatane skal betre og ajourføre oversikta si i samsvar med desse retningslinjene.

KAPITTEL III

Framgangsmåtar for og kontroll av utrekninga av BNI

Artikkel 4

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval, heretter kalla «BNI-utvalet», som er samansett av representantar for medlemsstatane og vert leidd av representanten for Kommisjonen.
 2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast.
- Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 5

1. Kommisjonen skal kontrollere dei kjeldene og framgangsmåtane som medlemsstatane nyttar for å rekne ut BNI. Det skal vedtakast tiltak for å gjere BNI-data lettare å jamføre og meir pålitelege og uttømmande, i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 4 nr. 2.
2. BNI-utvalet skal, anten på eige initiativ eller på oppmoding frå ein representant for ein medlemsstat, handsame saker som leiaren tek opp, og som har samband med gjennomføringa av denne forordninga, særleg med omsyn til følgjande:
 - a) Samsvar kvart år med dei definisjonane som er nemnde i artikkel 1.
 - b) Gransking kvart år av data som er sende inn i samsvar med artikkel 2 nr. 2, og dei opplysningane som er sende inn i samsvar med artikkel 2 nr. 3, med omsyn til statistiske kjelder og framgangsmåtar for utrekning av BNI og dei tilhøyrande komponentane. Denne granskinga skal føre til ei fråsegn frå BNI-utvalet om at BNI-data frå medlemsstatane er pålitelege, kan jamførast og er uttømmande i stor nok grad til at dei kan nyttast som grunnlag for utrekning av eigne midlar. Det skal framgå av denne fråsegna kva dokument som har vore det viktigaste grunnlaget for granskinga. Spørsmålet om kor pålitelege, jamførbare og uttømmande BNI og dei tilhøyrande komponentane er, skal vurderast på grunnlag av nytte-kostnadsprinsippet.

I denne sammenhengen inneber nytte-kostnadsprinsippet at den moglege storleiken til og verdien av særskild verksemd eller særskilde transaksjonar skal vurderast på grunnlag av dei tilgjengelege opplysningane. Desse opplysningane er ofte kvalitative, men kan i visse høve vere kvantitative. Kommisjonen (Eurostat) skal vurdere om handsaminga av liknande saker i medlemsstatane kan jamførast, og rapportere til BNI-utvalet om alle saker der nytte-kostnadsprinsippet bør gjelde. Ved å nytte dette prinsippet bør det vere mogleg å unngå at det vert nytta urimeleg store ressursar til å rekne ut uvesentlege postar.

c) Utan at det rører ved artikkel 4 vert det uttrykt synspunkt på framlegga frå Kommisjonen om korleis utrekningane av BNI kan betrast, medrekna tolking av ENS 95-definisjonar og vurdering av korleis desse framlegga påverkar BNI.

3. BNI-utvalet skal gjere ein særleg innsats for å betre framgangsmåtane til medlemsstatane med omsyn til utarbeiding av BNI og spreieing av beste praksis på dette området.

Det skal òg handsame spørsmål som omfattar revisjon av BNI-data og problemet med omsyn til om BNI er uttømmende.

Det skal om naudsynt gjere framlegg til Kommisjonen om tiltak for å gjere BNI-data lettare å jamføre og meir pålitelege.

Artikkel 6

Utan at det rører ved dei kontrollane som er fastsette i artikkel 19 i forordning (EF, Euratom) nr. 1150/2000⁽¹⁾, kan kontora til Kommisjonen og representantar frå andre medlemsstatar i samråd med dei medlemsstatane som det gjeld, om naudsynt utføre felles informasjonsvitjingar i medlemsstatane med omsyn til BNI. Deltakinga for medlemsstatane i desse vitjingane er frivillig.

KAPITTEL IV

Slutføresegner

Artikkel 7

Kommisjonen skal innan utgangen av 2005 sende over ein rapport til Europaparlamentet og Rådet om gjennomføringa av denne forordninga.

Artikkel 8

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. juli 2003.

For Rådet

G. TREMONTI

Formann

⁽¹⁾ TEF L 130 av 31.5.2000, s. 1.